



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/11046-10

Økonomisk kompensasjon for oppfølging av krav i tunnellsikkerheitsforskrifta

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Brev frå fylkesordførar (vedlagt) om økonomisk kompensasjon for oppfølging av krav i tunnel-sikkerheitsforskrifta vert sendt Samferdsledepartementet.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Brev til Samferdsledepartementet om økonomisk kompensasjon for oppfølging av krav i tunnellsikkerheitsforskrifta.

Vedlegg 2: Brev frå fylkesordførar i Hordaland datert 21.9.2018 om utbetring etter tunnellsikkerheitsforskrifta – Økonomisk situasjon i Hordaland.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I fylkestingsak 31/18 Økonomiplan 2019-2022 som fylkestinget behandla 12.6.2018, vart det signalisert følgjande i pkt. 2.4 Innspel frå hovudutvala – Auka ramme til samferdslesektoren:

«Når det gjeld dei økonomiske utfordringane knytt til tunnelrehabiliteringsplanen frå 2020, er denne så stor at vi ikkje har økonomisk handlingsrom i økonomiplanen til å auke løvvinga. Denne problemstillinga må såleis løftast inn i økonomiplanarbeidet for det nye fylket».

Bakgrunn for utfordringane er knytt til at det særskilde statlege tilskottet knytt til oppfølging av tunneltryggleiksforskrifta ikkje ligg inne lenger enn til 2019. I 2019 er det lagt opp til at Sogn og Fjordane får eit tilskott på 72 mill. kr til dette arbeidet.

Fylkeskommunen har fått kopi av brev fylkesordførar i Hordaland har sendt Samferdsle-departementet 21.9.2018 om utbetring etter tunnellsikkerheitsforskrifta – Økonomisk situasjon i Hordaland (vedlegg 2).

Fylkesrådmannen har på vegne av fylkesordføraren utforma eit brev til Samferdsledepartementet om våre utfordringar knytt til oppfølging av krava i tunnellsikkerheitsforskrifta.

2. Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune gir eit innspel til Samferdsledepartementet om våre utfordringar knytt til oppfølging av krava i tunnellsikkerheitsforskrifta, jf. vedlegg 1.